

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	• Skriva tale • Lesa og skriva skjønnlitterære tekstar
Engelsk	• Discuss idioms and interesting expressions • Continue to talk about people that changed the world • Watch a motivational video and reflect over thought-provoking questions
Matematikk	• Gjera utrekningar med volum og overflate av rette prismer • Gjera utrekningar med volum og overflate av sylindrar • Gjera utrekningar med volum og overflate av kjegler og kuler • Gjera om mellom ulike areal og volumeiningar • Bruka overflate og volum i praktiske situasjonar
Samfunnsfag	• Gjera greie for årsaker til og konsekvensar av sentrale historiske og notidige konflikter og reflektera over om endringar av nokre føresetnader kunne ha hindra konfliktane. • Drøfta korleis framstillingar av fortida, hendingar og grupper har påverka og påverkar haldningane og handlingane til folk. • Reflektera over korleis menneske har kjempa og kjempar for endringar i samfunnet og samstundes har vore og er påverka av geografiske forhold og historisk kontekst. • Gjera greie for årsaker til og konsekvensar av terrorhandlingar og folkemord, som holocaust, og reflektere over korleis ekstreme haldningar og ekstreme handlingar kan førebyggjast.
KRLE	• Utforska og presentera sentrale trekk ved islam og kvar religionen er utbreidd • Samanlikna og vurderer kritisk ulike kjelder til kunnskap om islam • Kunna ta andre sitt perspektiv og handtera usemjer • Få innsikt i korleis islam inngår i historiske prosessar og heng saman med samfunnsendringar • Reflektera over korleis det er å høyra til i ein stor og samansett minoritet i Noreg • Reflektera over spørsmål som er knytt til det å veksa opp og leva i eit mangfaldig og globalt samfunn
Naturfag	• Skriva om neversystemet og forklara korleis nervesignal blir overførte frå ei celle til den neste • Skriva om funksjonen til nokre hormon og kvar dei blir danna • Skriva om likskapar og skilnadar mellom nerve- og hormonsystemet • Gje døme på nokre sjukdommar i nerve- og hormonsystemet
Spansk	• Samanlikning på spansk • Gradbøying av adjektiv på spansk • Repetisjon av tall, datoar og årstall • Idrett i den spansktalande verda
Tysk	• Kunna snakka om daglegdagse opplevingar- og bruka fortid.
Eng fordj	• Discuss the results of the test and start on new topic «It makes you wonder» (history, mystery, unexplained and unanswered events)
Arbeidslivsfag	• Arbeida sjølvstendig og sjå kva som må gjerast i jobben • Yta service for kundar • Øva på og snakka med andre ansatte på arbeidsplassen

Kroppsøving	Turn\Innebandy: • Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar • Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar. Innsats: • Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre • Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre
M&H	• Planleggja og bruka eigna reiskap, teknikkar og matlagingsmetodar til å laga trygg og berekraftig mat som gir grunnlag for god helse • Utforska klimaavtrykket til matvarer og gjera greie for korleis matval og matforbruk kan påverka miljøet, klimaet og matsikkerheita • laga mat frå norsk og samisk kultur og frå andre kulturar og samanlikne og utforske råvarer og matlagingsmetodar som blir brukte i ulike matkulturar • Drøfta korleis kosthald kan bidra til god helse, og bruka digitale ressursar til å vurdera eige kosthald og til å velja sunne og varierte matvarer i samband med matlaging
Musikk	• Spela akkordar og songar på gitar eller piano
Kantine	• Vita kva vurderingskriteria for faget er • Planleggja dei praktiske øktene • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter
Friluftsliv	• Planlegga og gjennomføra turar i nærområdet
Design/redesign	• Redesigna i ulike materiale på ein kostnadseffektiv og miljømedviten måte.
Innsats for andre	• Planleggja og utvikla sosiale tiltak som bidreg til eit inkluderande samfunn • Følgja etiske retningslinjer og tilpassa kommunikasjonen til ulike målgruppe

INFORMASJON TIL HEIMEN

Kjekke veker

Det har skjedd mykje utanom vanleg undervisning i dei siste vekene. Me hadde ein flott skitur, der det blei nok snø både til aking, langrenn og slalom. Dei aller fleste elevane kosa seg masse og vil helst på ny tur så fort som mogleg. Me har og hatt sjakkturnering i sist veke, der elevane frå Jærtun og Vardheia kom på besøk. Elevane spelte kampar heile dagen, og dei konkurrerte om å bli beste klasse. Dessverre gjekk ikkje seieren til ein av våre klassar. Arbeidslivsfag hadde på torsdag og fredag eit eige prosjekt der Rogaland trevirke lærte elevane å laga ein flott krakk. Elevane fekk prøva ut avanserte maskinar som f eks CNC-maskin som freste ut flotte mønster på krakken. Elevane storkoste seg og var svært så stolte når dei gjekk heim med kvar sin flotte krakk.

Elev- og utviklingssamtale

Før påskeferien vil alle ha elev- og utviklingssamtale med kontaktlæreren.

Arbeidspraksis i utdanningsval-veka veke 18/19

Hugs at arbeidspraksisen skal ha relevans til utdanningsprogrammet du fordjupar deg i. Dei som ennå ikkje har skaffa seg arbeidspraksisplass, må gjera det nå! Spør evt. ansvarleg lærar for ditt utdanningsprogram om tips og hjelp.

Varsel

Om nokre elevar no står i fare for å ikkje få vurdering i fag, eller for å bli sett ned i orden eller åtferd vil det no bli sendt ut eit varsel før påske. Dette er i samsvar med opplæringslova §9-7. Varselet har til hensikt å gi eleven høve til å anten få karakter i fag, eller betre karakteren i orden og åtferd.

Påskeferie

Påskeferien er i år frå 30/3 til og med 7/4. Tysdag 7/4 er det planleggingsdag på skulen og elevane har fri. Første dag etter ferien er onsdag 8/4.

Vi ønskjer alle ei riktig god påske!

Helsing oss på 9.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Naturfag	Skriftleg prøve	Karakter	Onsdag v. 12
Mat og helse	Skriftleg prøve	Karakter	Torsdag v. 13

HEIMEARBEID VEKE 12

Norsk	Les 3 x 20 minutt i boka di. Hugs sidetal
Engelsk	Find one graffiti by Banksy and explain in 10 sentences what you see and why you chose it. Use ON. 9B: sjå ON.
Matematikk	Nivå 1: Me volum og overflate av rette prismer og overgangar. 3.102, 3.103, 3.106, 3.112 Nivå 2: Me reknar med volum av pyramide og kjegle 3.130, 3.132 og 3.146
Samfunnsfag	1. Nemn namnet på dei to alliansane som kjempa mot kvarandre under krigen. 2. Kva land var med i dei to alliansane? 3. På kva for ei sida var Noreg på?
KRLE	Les s.221-223. Forklar forskjellen på Koranen, Hadith og Sharia.

Naturfag	Brak målarket og førebu deg til prøve på onsdag. Tips: Les oppsummering, øv på omgrep ved hjelp av Quizlet, bruk tankekart og øvingshefte. Hugs å les over notater og lekser.
Spansk	Les og spel inn mens du les teksten 'Un Dia en la vida de Federico' - Du finn teksten på Teams
Tysk	Ta opptak av (bilete og lyd) kva du gjorde forrige sommar. Du skal visa presens perfektum og preteritum på tysk.
Eng fordj	Choose one mystery story and write 10 sentences about it.
Kroppsøving	Turn, Akrobatikk\Innebandy: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera inne.
Musikk	Øv godt i timane. Dersom du ikkje får tilfredstillande progresjon, må du øva utanom.
M&H	På kjøkken: - Lasagne s 40 - Linsegryte s 11 - Sitronfromasj s 113 - Ostekringle eige ark Teori: Bærekraftig mat og matproduksjon kap 8+9 i Matopedia
Kantine	Vegard si gruppe møter på kjøkken. Hugs innesko, hårstrikk, iPad og forkle Anne Marie si gruppe møter i 9A sitt klasserom. Hugs iPad.
Friluftsliv	Møt i klasserommet. Me skal planlegga ein ettermiddagstur
Innsats for andre	Møt i 9D sitt klasserom.

HEIMEARBEID VEKE 13	
Norsk	Les 3x 20 minutt i boka di. Hugs sidetal.
Engelsk	Record yourself reading the text the Starfish p.130 9B: sjå ON.
Matematikk	Nivå 1: Me reknar med volum og overflate av sylinder og rette prisme og overgangar mellom arealeiningar. 3.111, 3.114, 3.136 og 3.137 Nivå 2: Me reknar med volum og overflate av kule 3.151, 3.152 og 3.153
Samfunnsfag	Sjå ei nyheitssending i løpet av veka: Dagsrevyen 21 - NRK TV . Skriv 3 setningar om to av nyheitssakene
KRLE	Les s.223-225. Forklar kvifor det vart eit skilje mellom muslimar og kva som er likt og ulikt med Sjia og Sunnia islam.
Spansk	Skriv 5 setningar kor du samanliknar Stavanger og Bryne på spansk. Varier
Tysk	Du skal vere ferdig med minifilmen om kva du gjorde forrige sommar.
Eng fordj	Grammar exercises(se ON)
Kroppsøving	Innebandy: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera inne.
M&H	På kjøkken: - Lasagne s 40 - Linsegryte s 11 - Sitronfromasj s 113 - Ostekringle eige ark Teori: Bærekraftig mat og matproduksjon kap 8+9 i Matopedia

Musikk	Øv godt i timane. Dersom du ikkje får tilfredstillande progresjon, må du øva utanom.
Kantine	Vegard si gruppe møter på kjøkken. Hugs innesko, hårstrikk, iPad og forkle Anne Marie si gruppe møter i 9A sitt klasserom. Hugs iPad.
Friluftsliv	Info på teams
Innsats for andre	Møt i 9D sitt klasserom.

Bryne ungdomsskule

